



# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 3

Juni 2019

Årgang 85 år



Alpha  
S. 3



I 20  
på dugnad  
S. 4-5



Vårens  
vakraste.....  
S. 6-7



Vår nye  
kyrkjeverje!  
S. 8-9



Soknerådsvalet  
2019  
S. 16

## FUSA PRESTEGJELD

### Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Tlf. 56 58 01 81 - Fax 56 58 15 82  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
E-post: fusasokn@fusa.kommune.no

#### Direktenr.

Kyrkjeverje	56 58 01 80
Sokneprest	56 58 01 83
Kyrkjelydspedagog	56 58 01 66
Konsulent:	56 58 01 81
Medarbeidarkoordinator:	56 58 01 87

#### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

#### PRIVATE TELEFONAR

##### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

##### Ass. kyrkjeverje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

##### Trusoplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Petra Dahlstrøm Permisjon

Endre Tveit 90 24 41 52

##### Konsulent

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

##### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

##### Kantor

Iman de Zwarte 56 58 39 48

##### Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

##### Kyrkjeternarar

**FUSA KYRKJE**

Rianne de Zwarte 56 58 39 48

##### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 56 58 39 48

##### HALANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

##### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

##### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 56 58 15 89

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

**FUSA KYRKJEBLAD**  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

**Ansvarleg redaktør:**  
Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

**Konto for kyrkjebladet:**  
3530 25 86215  
**Bladpengar er kr. 225,- pr. år**  
**Utanbygds kr. 325,- pr. år**

**REDAKSJONSNEMND:**  
Harald Geir Sæther  
Ole Bjørn Eikeland

# Ekte kjærleik

Robbie Williams, britisk songar og låtskrivar, har oppnådd stor suksess og tent mykje pengar. Det blir fortalt at han ein gong på ein litt kjedeleg dag i Los Angeles gjekk ut og kjøpte seg 7 bilar, blant anna ein Porsche, ein Ferrari og ein Mercedes. Ei veke seinare angra han på heile kjøpet. Det gav ikkje den tilfredsstillelse han innerst inne lengta etter. I songen *Feel syng* han om dette: «I just want to feel real love... There's a hole in my soul» (Eg vil berre kjenne ekte kjærleik... Det er eit hol i sjela mi).



Sokneprest  
Einar Ekerhovd

Det ligg ein lengt i oss alle. Den er gudgitt. Og dette holet i sjela kan ikkje fyllast av bilar, rikdom, suksess eller kunstige stimuli.

Jesus tok tak i denne lengten til folket. På ein av dei jødiske festane i Jerusalem stod han fram og ropa til folket: «Den som tørstar, skal koma til meg og drikka. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn. Dette sa han om Anden dei skulle få, dei som trudde på han». (Joh. 7, 37-39)

Det finst ei gåve frå Gud som fyller tomrommet i vår sjel. «Den rettferdiges frukt er eit livsens tre» står det i Ordtaka. Og Paulus utdjupar dette når han seier at Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin. Det er ikkje stort rom for tomheit der desse verdiane og eigenskapane rår grunnen i eit menneske.

«Gud, du har skapt mitt hjarte og det er uroleg inntil det finn kvile i deg» sa kyrkjefaderen Augustin for 1500 år sidan. Det er noko grunnleggande som ikkje forandrar seg gjennom tidene. Denne lengten.

I Fusa har vi arrangert fleire Alpha-kurs dei siste åra. Her er det skapt eit fellesskap der vi som menneske kan komme som vi er med vår tru, tvil, lengt og glede. For oss er det viktig å invitere inn i eit fellesskap der menneske kan bli betre kjent med Jesus og nettopp erfare Anden sine gåver inn i våre liv. Mange har opplevd at Jesus sine ord frå Jerusalem verkar også i dag. Han er framleis den som tilfredsstiller menneska sine inste behov og lengsler.

Eg seier som Robbie Williams: Eg vil kjenne ekte kjærleik!



# BLI MED på Alpha i haust!



Påmelding til Fusa kyrkjekontor,  
tlf.56580181 eller på e-post til  
[fusasokn@fusa.kommune.no](mailto:fusasokn@fusa.kommune.no)

## Er du nysgjerrig på kva Alpha er?

### Så meld deg på!

For å vere med på Alpha kan du kome slik du er! Samlingane er prega av ei avslappa atmosfære, der det er sosialt samvær rundt måltida, og bordfellesskap er ein vesentleg del av kveldssamlingane. Undervisninga er gjennomarbeidd og tar for seg dei mest grunnleggjande temaa innanfor vår kristne tru. Det heile er bibelsk begrunna, men samstundes gjort forståeleg inn i vår moderne tid. Kurset gjev også høve til å kome med alle type spørsmål og lufte ting i gruppene. Her kan ein delta aktivt, eller berre lytte!

**Vi starter det heile med å invitere til Alpha-middag den 11. september! Velkommen.**

Påmelding – sjå under.

### Datoar for Alpha 2019-2020:

#### Haust:

- |       |   |
|-------|---|
| 11.09 | Middag                                    |
| 25.09 | Kven er Jesus?                            |
| 09.10 | Kvífor måtte Jesus dø?                    |
| 23.10 | Kva vil det seia åtru?                    |
| 06.11 | Kvífor og korleis skal eg be?             |
| 20.11 | Kvífor og korleis skal eg lese i Bibelen? |

#### Vinter:

- |       |   |
|-------|---|
| 11.01 | Alphalaurdag med fokus på Den heilage ande    |
| 15.01 | Korleis leier Gud oss?                        |
| 29.01 | Kvífor og korleis skal eg fortelje andre?     |
| 12.02 | Helbredar Gud i dag?                          |
| 26.02 | Kva med kyrkjelyden?                          |
| 11.03 | Korleis få mest mogleg ut av resten av livet? |

## Vi utfordrar deg!

Vi oppmuntrar deg som ikkje har gått på kurs før, men også deg som har gått på kurset tidlegare, om å bli med når vi startar opp over sommaren.

### Historikken bak Alpha:

Det starta opp i ein kyrkjelyd i London på 1980-talet. Det har raskt spreidd seg til om lag 170 land og i alle typar kyrkjer. I Noreg kom det på 1990-talet, og det har vist seg å vera ein god reiskap til både meir kunnskap og kjennskap til vår kristne tru. I Fusa har vi dei siste tre åra hatt to kurs, og til saman om lag 70 deltakarar. I Noreg har mange tusen delteke på Alpha-kurs.



«Jeg vet ikke om noe annet kurs som er så godt laget for å introdusere kjerneverdiene i den kristne tro på en så lett-fattelig måte og så relevant i dag» - David Suchet, skuespiller (Hercule Poirot)

Har du spørsmål? Prøv ALPHA!

**PÅMELDING:** Fusa kyrkjekontor, tlf.56580181 eller på e-post til  
[fusasokn@fusa.kommune.no](mailto:fusasokn@fusa.kommune.no)

# STOR dugnadsinnsats

## i kyrkjer og på gravplassar vinter og i vår

Fusa sokneråd rettar ein varm takk til alle om lag 120 personar som har vore på dugnad i vinter og vår i dei fem kyrkjene og på dei ti gravplassane våre. Dugnadsarbeidet har vore prega av god innsats og mykje godt humør! Bileta viser berre litt av arbeidet som er utført. Dugnadsarbeidet held fram ut over året.

### Kyrkjene våre



Dugnad i Strandvik kyrkje. Den gamle lysekruna vert reingjort med varsemd – og det same med lysgloben i bakgrunnen.



Kyrkjesølvet vart pussa i dei alle fleste kyrkjene.



Lause handtak vert festa!



Nye knottar på stolane må til med jamne mellomrom.



Storreingjering på kjøkkenet i Fusa kyrkje.



## Gravplassane våre



Porten i Hålandsdalen er mala og skin så fint att!



Her er delar av dugnadsgjengen på Hjartnes gravplass.



Stor innsats med grusgangen ved Sævareid kapell.



Fjerning av mose på den gamle muren kring Holdhus kyrkje og gravplassen.



Påfyll av jord på den gamle gravplassen på Fusa.



Her har ein gammal steinmur ved Hålandsdalen kyrkje fått sjå dagens lys att - etter at torv og mose er fjerna.





## Konfirmantar i Strandvik kyrkje

laurdag 4. mai kl. 11:00

Foto: Erik Sørheim



## Konfirmantar i Hålandsdalen kyrkje

sundag 5. mai kl. 11:00

Foto: Hans Einar Markhus



## Konfirmantar i Fusa kyrkje

laurdag 11. mai  
kl. 11:00

Foto: Endre Tveit





## Konfirmantar i Fusa kyrkje

laurdag 11. mai  
kl. 13:00

Foto: Endre Tveit



## Konfirmantar i Sundvor kyrkje

sundag 12. mai  
kl. 11:00

Foto: Endre Tveit

### Takk for gaver

Det er ved utgangen av april kome inn om lag kr. 78.000,- i bladpengar. Takk til alle som har betalt slik at vi framleis kan gje ut bladet. Det er framleis mogleg å betale bladpen- gar til bankkonto 3530 25 86215. Kr. 225,- for folk i Fusa og kr. 325,- for utanbygds.

### Takk for minnegåve

Children Burn & Wound Care Fo- undation takkar for minnegåva på kr. 5.200,- som vart gitt til hjelpe for brannskadde born i samband med Per Lundervik si gravferd.

### Ønskjer du å gje ei gåve til hjelpe for brannskadde born i Etiopia?

I mars månад vart det overført ca kr. 250.000,- til Children Burn & Wound Care Foundation fra Brukt- buo og Fusa sokneråd.

Vi held fram med innsamling, og alle beløp som vert overført til Fusa sokneråd sin kto. 3530 25 86215 og merka med «Brannskadde born» vil bli sendt vidare slik at vi kan hjelpe endå fleire born.



Følg Fusa sokn  
på Facebook



Ønskjer du SMS  
om det som skjer  
i Fusa kyrkjelyd?  
Gje beskjed til  
tlf. 41 66 20 90.



# Kristine Fjeld

# Ny kyrkjeverje for Bjørnafjorden

**Kristine Fjeld - Kristine er nytt ansikt i Bjørnafjorden, i allefall for dei fleste. Vi har møtt henne på Fjord'n Senter, og startar med ein quiz.**

*Kjenner du bygdene her? Er du kjent i Os og Fusa?*

**1. Kor er Holsund? Kristine: Med latter, nei dessverre!**

**Svar: Midt i den nye kommunen! Tidlegare sentrum i gamle Ous/Fusa.**

**2. Møsnuken? Kristine: Et fjell i Os!**

**Svar: Det fjellet der du sannslegvis får best utsikt over begge kommunar. Ligg i Os, ja.**

**3. Øvredalen? Kristine: Hmmmm...**

**Svar: Finst to stader, både i Os og i Fusa!**

Tekst: og foto: Ole Bjørn Eikeland

## Først. Du er tilsett som kyrkjeverje. Kva skal du verje?

Dette er ein gamal tittel, ein jobb der eg er øvste ansvarleg for kyrkjer og gravplassar. Med det følgjer også alt personale tilsett i fellesrådet. Men alt så ikkje prestane.

## Kva er din strategi for dette?

Eg er veldig audmjuk på at det er ei veldig viktig oppgåve eg går inn i. Kyrkja er viktig for folk, særleg i dei store øyeblikk, som dåp, konfirmasjon, gravferd. Kyrkja har eit rom som bærer med seg sorg og glede. Det er eit stort ansvar å forvalte dette. Kyrkja er mykje meir enn gudstenesta på søndag, ho har ei sentral plass for mange. Her opplever ein fellesskap, deler nattverd og trusliv. Forvaltning av gravplassane er også eit stort område, mange menneske går der for å minnast.

## Kor er kontoret ditt?

No har eg kontor i Os, men eg vil vere i Fusa også. Assisterande kyrkjeverje Harald Geir Sæther er her. Eg vil vere litt begge stader.

## Korleis vil du balansere mellom Os og Fusa? Etter folketal, areal, eller antal kyrkjer?

Nei, sånn tenkjer eg ikkje, eg har ingen strategiplan for det. Eg blir kyrkjeverje for heile den nye kommunen. Her er det Bjørnafjorden!

## Og så litt personalia: Kor kjem du frå?

Eg er oppvaksen i Bergen, nærmare bestemt Fana. Der vaks eg opp i ein kristen heim, og gjekk på Danielsen ungdomsskule og vidaregåande. Deretter tok eg økonomiutdanning og budde mange år i Oslo, så fire år i Søgne utanfor Kristiansand.

Eg bur no i Sædalen i Bergen, er gift med Magnus fra Sørlandet, vi har to barn, 5 og 2 år. Vi er glade i å vere ute på tur, å vere med venner og familie. Jobberfaring har eg frå Den Norske Kyrkja i Søgne, og i Misjonkirken i Oslo, og har dessutan jobba på renessapskontor og for turistforeningshytter.

## Kva betyr kyrkjerommet for deg?

Eg tenkjer ro! Kyrkjerommet er eit spesielt rom!

Eg kjenner relasjonen med ein gang. Kyrkjerommet er heilt annleis enn



andre bygg. Det er ein stad der vi skal feire gudsteneste. Der er masse symbolbruk og kunst. Der får du fantastisk musikk, ja det rommer så mykje. Moderne kyrkjer har også sin rolle. Alle kyrkjerom har det.

## Av tusenvis av kyrkjer i verda, har du ei som har gjort ekstra inntrykk, evt betyr mykje for deg?

No må Kristine tenkje etter, om litt kjem det: Det er vanskeleg å sei berre ei!

Men likevel, når du spør, det første som fall meg inn, det var eit enkelt kapell i Telemark eg fekk besøkje ein haustdag. Menneske budde som eremittar der. Dei bar inn vatn, for der var ingen fasilitetar, eit kaldt kapell, men dei levde livet sitt der! Det gjorde stort inntrykk.

## Kva er viktig i ditt liv?

### Her kjem svaret kjapt:

Relasjonar! Mi tru, min familie, mine venner. Spørsmålet blir: kva kan vi klare oss utan? Det som står att, det

er det viktigaste. Eg er glad i menneske, relasjonar er viktige for meg. Eg meiner, vi er mykje likare enn vi trur. Ofte er vi opptatt av ulikheiter, men vi er tross alt ikkje så ulike. For eksempel no på 17. mai, der alt blir eit stort fellesskap. Kyrkjebrygg samlar. Kyrkjebrygg er der for oss.

### **Er du politisk interessert?**

Ja, interessert, men ikkje delaktig. Eg har skrive mange lesarinnlegg som ikkje blir ferdige! Altå interessa i politikk, men ikkje aktiv.

### **Kva for musikk høyrer du på?**

Med latter: No høyrer eg på Lisa Børud, dvs barnesanger i bilen. Eg er glad i norske artistar, til dømes Trygve Skaug. Eg må ta aktive valg, fordi det er få pausar i mitt liv. Men eg treng også å ha det stille, det er viktig for meg. Mannen min elskar gospel, så det er mykje gospel i huset. Han og barna syng i bilen. Og dessutan er eg glad i popmusikk og NRK PI!

### **Som du veit, her er alltid spørsmål etter favoritt bibelvers og salme!**

No finn Kristine 2.Tim 2.13 på mobilen og les: "Er vi troløse, er han trofast, for han kan ikke fornekte seg selv." Av salmar er der mange! Eg er spesielt glad i "Deg være ære".

### **Kva tankar gjer du deg om Bjørnfjorden KF, Os SR og Fusa SR? (KF er kyrkja sitt fellesråd, SR er sokneråd)**

Framleis er vi i prosessen der det er representantar frå Os og Fusa, kommunane på begge sider, vi jobbar oss saman for å bli eit fellesråd. Vi skal bli eit fellesråd, for Bjørnaforden. Det som er spesielt i kyrkjeleg samanheng er at Os sokn har vore eit sokn, det same med Fusa. Vi skal ikkje slå saman sokna, men danne eit nytt fellesråd. Dvs. at vi blir tre einingar. Fusa sokn vil bestå, lokalt forankra. Os sokn vil også bestå som sokneråd, lokalt forankra. Så folk vil ikkje oppleve den store endringa. Harald Geir vil fortsatt vere her.

### **Vil det vere to kyrkjecontor i framtida?**

Ja, det blir som før.

### **Korleis vil det bli med økonomien?**

Eg trur og håpar at den nye kommunen ser verdien i alt vi driv med, og vil fortsetje å gje oss dei rammevilkåra som vi treng for å kunne gje tenester til kommunen sine innbyggjarar og kyrkjelydsliv i sokna.

### **Kor er dei største utfordringsane no?**

Her i Fusa er masse dugnad, vi er svært heldige sånn. I Os er det ikkje slik, for der er tilsette som driv gravplassforvaltninga. Hugs at Os har fleire folk, men færre kyrkjer enn Fusa.

### **Har du tankar om kyrkjelydsarbeidet i Os og Fusa i framtidia – vert det store endringar?**

Eg vil ikkje tru at det blir store forandringar. Det er ønskje om at dette arbeidet er lokalt forankra. Dei tilsette er dei viktigaste, saman med dei frivillige. Ja, eg er kyrkjeverje, men det som er viktig er å skape møteplassar, å skape relasjonar. Motivasjonen for jobben trur eg er veldig viktig. Kyrkja er viktig både som kulturskatt og ein stad der man søker fellesskap og gudsteneste. Enten for å markere dei store dagane, eller til kvardags. Kyrkja si betydning i livet til eit menneske avheng ikkje av antall ganger ein går der.

Harald Geir sin rolle vil fortsatt være på kontoret i Fusa og tett på kyrkjelydslivet her. Du må skriva at han er fantastisk inspirator, og for meg ei veldig støtte.

### **Vil du engasjere deg i kyrkjelydsarbeidet?**

Ja, som småbarnsmor er det naturlig å delta i det lokale kyrkjelydsarbeidet. Og - planen i sommar er å reise i Fusa med telt, for å utforske geografien. Då vil Kristine ganske sikkert gjere det enno betre på neste kommunequiz! Vi ønskjer henne lukke til i det nye arbeidet.



*Kristine er spesielt glad i denne salma:*

### **Deg være ære**

Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven,  
se, en engel kom,  
åpnet den stengte graven,  
Jesu grav er tom!

Refr.:

Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt.

Se, Herren lever!  
Salig morgenstund!  
Mørkets makter bever.  
Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger:  
Frelseren er her!  
Pris ham, alle tunger,  
Kristus Herre er!  
Refr.

Frykt ikke mere!  
Evig er han med.  
Troens øye ser det:  
Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære,  
seier er hans vei,  
evig skal han regjere,  
aldri frykter jeg.  
Refr.



## Takkoffer

Oversikt over gåver vi har fått i offer i perioden 01.01.2019-30.04.2019	
01.01.2019	Trusopplæringa kr. 1265,-
06.01.2019	UIO v./Helga og Rod Lobaugh kr. 4350,-
06.01.2019	Elevstipend Etiopia kr. 1797,-
13.01.2019	Trusopplæringa kr. 2120,-
13.01.2019	Kyrkjelydsarbeidet kr. 1200,-
20.01.2019	Trusopplæringa kr. 3145,-
27.01.2019	Elevstipend Etiopia kr. 1625,-
27.01.2019	Kyrkjelydsarbeidet kr. 1305,-
03.02.2019	Elevstipend Etiopia kr. 1210,-
03.02.2019	Israelsmisjonen kr. 1385,-
10.02.2019	Bibelselskapet kr. 3303,-
17.02.2019	Elevstipend Etiopia kr. 5440,-
17.02.2019	Kyrkjelydsarbeidet kr. 4542,-
24.02.2019	Kirkens Bymisjon Bergen kr. 2692,-
24.02.2019	Trusopplæringa kr. 4702,-
03.03.2019	Menighetsfakultetet kr. 3503,-
03.03.2019	Trusopplæringa kr. 2435,-
10.03.2019	Kyrkjelydsarbeidet kr. 2619,-
17.03.2019	Trusopplæringa kr. 1343,-
17.03.2019	Haraldsplass samtalesenter kr. 2952,-
24.03.2019	Kirkens SOS Bjørgvin kr. 2794,-
31.03.2019	Søndagsskulen Bergen krets kr. 2720,-
07.04.2019	Norges kristne student- og skuleungd.lag kr. 3824,-
14.04.2019	Kirkens bymisjon Bergen kr. 2554,-
18.04.2019	Kyrkjelydsarbeidet kr. 3126,-
19.04.2019	Kirkens bymisjon Bergen kr. 3180,-
21.04.2019	Diakonalt arbeid lok. kr. 7898,-
28.04.2019	Søndagsskulen Bergen krets kr. 2854,-

# KONFIRMAN<sup>+</sup> 2020

## Skal du vera konfirmant i konfirmantåret 2019-2020?

Me vil gjerne invitera deg til sumarfest på Eikelandsosen bedehus, tysdag 11. juni, klokka 15:00. Det er viktig at du kjem, for her vil du få utdelt informasjon om konfirmanttida, og om korleis du kan meldt deg på. Her blir det òg underhalding ved "Svindler med stil" Ruben Gazki og grilling!

Inviter gjerne med deg ein ven – programmet er ope for alle som vil.

Det kjem eigen invitasjon i posten til alle åttandeklassingar som er medlem i kyrkja.



**HERBALIFE**  
**ERNAERING**

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis prøvepakke,  
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no  
www.signeg.goherbalife.com/nn-no

## DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED



951 56 327 storum@fusi.no

## GRAVMINNEN



**Løvaas**  
**Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
www.lovaasnaturstein.no

## BUNNPRIS

Eikelandsosen

8-21

Man - fredag

9-20

Laurdag

Tlf. 56581245

bpeikelandsosen@bunnpris.no

## Malerfirma

**Kenneth Samnøen**

5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38





Vi oppmodar de som er heime i sommar om å bli med på gudstenestene kring i Fusabygdene, og inviter gjerne feriegjestar med til dei flotte kyrkjene våre! Og for deg som skal på tur – opplev kyrkjer og gudstenester der du er! **GOD SOMMARTIL ALLE!**

## Olsokfeiring på Holdhus

Olsokgudstene kl. 18.00 med påfylgjande fest på Hålandsdalen Montessoriskule. **Velkommen!**

## Ferieavvikling

ved Fusa kyrkjekontor i 2019

Sokneprest Einar Ekerhovd	22.07-18.08
Kantor Iman de Zwarte	15.07-11.08
Hartvig Haugen	08.07-28.07
Norunn R Markhus	24.06-21.07
Endre Tveit	24.06-14.07
Hans Einar Markhus	24.06-21.07
Harald Geir Sæther	08.06-23.06

Det er sikrast å treffe folk på kyrkjekontoret tysdagar og torsdag i sommar!

## Ferieavvikling ved Frivilligsentralen

Victoria Dale har ferie frå 15. juli til 12. august.

Ein gjer merksam på at det kan bli endringar i ferietider.



Velkommen til **SUPERLAURDAG** i Bruktbuo **22. juni**. Denne dagen har me 50% på alle varer i butikken, kafèsal og andre aktivitetar.

 Følg oss på Facebook på «Bruktbuo Fusa» for meir informasjon.



**Øpningstider i Bruktbuo:**  
**Torsdag 12-18 Fredag 11-17 Laurdag 11-17**

Me held ope heile summaren. Kvar laurdag har me kafèsal, kom innom og få deg ein kopp kaffi og noko å bita i.

*Velkommen innom!*





## FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf. 56 58 14 06  
Fax 56 58 39 99  
Mobil 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhøgne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar

## REISENE BESTILLER VI HOS:

# TRAVELNET

## OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os  
Tlf.: 56 30 43 00  
e-post: os@travelnet.no  
[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook



### Tønnegarden

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord  
Tlf. 91 99 30 40  
post@tonnegarden.no - [www.tønnegarden.no](http://www.tønnegarden.no)

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat.  
Steinomnsbakst.
- Catering -middag, koldtbord, snittar mm.  
Kaker og lefser.



Følg oss på facebook og instagram.



ELEKTRO OG RØYRLEGGJARBEDRIFT/BUTIKK  
 **HELLAND**   
ELEKTRO & VVS AS  
5640 EIKELANDSOSEN

TLF. 56 58 06 20 - FAX 56 58 06 29  
Mobil Ingemar: 976 67 843

Me hjelper deg med vann-, lys- og varmeinstallasjoner når du skal bygga nytt eller rehabilitera.



Besøk vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør



**FUSA  
KRAFTLAG**

5640 EIKELANDSOSEN  
Tlf. 56 58 00 20



5643 STRANDVIK  
Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: [post@leiglandbygg.no](mailto:post@leiglandbygg.no)  
[www.leiglandbygg.no](http://www.leiglandbygg.no)

 SparebankenVest  
avd. Fusa

Tlf. 915 0555

Din lokale bank med  
forsikring, lån,  
sparing og plassering.

**VI ER HER**  
[www.spv.no](http://www.spv.no)

## Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av



Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post [havard@solheimelektr.no](mailto:havard@solheimelektr.no)  
[www.solheimelektr.no](http://www.solheimelektr.no)

**SPAR** 

Eikelandsosen

8-21

9-20

Tlf. 56 58 00 90

Står til teneste med alt i samband med  
dødsfall, gravferd  
og minnesamver.  
Blomsterservice, sal og service  
av gravminne.

*Fusa og Samnanger  
Gravferdsbyrå a.s*

Boks 100, 5640 Eikelandsosen  
Liv Mette Hagen priv. 56 58 12 72  
Døgnvakt: 56 58 15 09



**Norheimsund**

TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: [post@nhstrykk.no](mailto:post@nhstrykk.no)

**Alt i trykksaker**



# Mykje arbeid på kyrkjer og gravplassar i Fusa

**Vi nemner følgjande oppgåver som skal gjerast i 2019:**

- I løpet av mai/juni månad skal ein ruste opp Sundvor kyrkje utvendig.
- I Fusa kyrkje skal ein få på plass ny faldedør mellom kyrkjerommet og kyrkjelydsalen. Målet er å få utført arbeidet før sommaren.
- Sævareid gravplass skal utvidast. Ein venter på svar på godkjenningssøknaden som ligg hjå Bjørgvin bispedømeråd. Ein har som mål å få starte opp arbeidet i 2019.
- På Nordtveit gravplass skal ein byte til nytt gjerde. Det er eit mål at arbeidet skal vere utført i løpet av mai månad.



Det gamle treslitte gjerdet kring Nordtveit gravplass vert no i vår skifta ut med eit nytt gjerde. På det eine biletet ser vi også singel som vart kjøpt inn i 2018 og lagt ut på dugnad.

## Fotokonkurranse 2019

I år er temaet for Fusakalenderen «Sommar». Ta med deg fotoapparatet og gå ut i naturen! Det skal vere eit naturbilete fra Fusa kommune! **Frist er mandag 30. september 2018.**

Bileta kan sendast på e-post til fusasokn@fusa.kommune.no. Vinnaren (motivet som vert vald) vil få utbetalt kr. 2.000,-. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål.



Fusa sokneråd

## Utsendingar til Kenya - permisjonar

Norunn og Hans Einar Markhus saman med dei fem borna reiser ut til Kenya som utsendingar for NLM (Norsk Lutherisk Misjons-samband) i månadsskiftet juli/august. Dei er begge innvilga permisjon i to år frå arbeidet ved Fusa kyrkjekontor. Vi ynskjer familien Guds Signing i tenesta, og oppmodar kyrkjelyden til å ha familien med i bøn. Vi ser fram til å høre frå deira opphold og arbeid i Kenya.

## Utsending frå Fusa til Mongolia

Rebecca Aarseth vert utsending for NLM til Mongolia – for eit år. Vi ynskjer Rebecca Guds Signing i tenesta, og oppmodar kyrkjelyden om å ha Rebecca med i bøn.

## Ny medarbeidar

Stefan Andre Svendsen er tilsett som ny trusoplæringsleiar – eit vikariat i to år frå 01.08.2019 t.o.m. 31.07.2021. Hans hovudoppgåver vil vere retta mot ungdom, men han skal også vere med i arbeid blant barn og familiar. Stefan er frå Bardufoss, er gift og har to små born. Han har dei siste åra arbeidd som miljøarbeidar og lærar ved KF-skolen i Stavanger, som er tilknytt IMI-kyrkja. Ta vel i mot Stefan, og ha han gjerne med i bøn for tenesta han skal ha hos oss.

## Fusa sokn har fått ny heimeside: [kyrkja.no/fusa](http://kyrkja.no/fusa)

Her finn du det aller meste som er aktuelt for deg når det gjeld kyrkjene, kva som skjer i kyrkjene og arbeid elles i kyrkjelyden.





**Fusa**

Man-fre

**8-21**  
**9-20**

**Tlf. 56582133**

[spar.fusa@spar.no](mailto:spar.fusa@spar.no)

**Velkommen til hyggelig  
handel hos Spar Fusa!**

**VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR**

**B** TLF 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**Hordaland A/S  
Rørteknikk**

Godkjent lærebefrift i rørleggerfaget

VVS-VA-HAVBRUK-PRODUKSJON

Holsundveien 285, 5642 Holmefjord

Telefon: 56 58 09 90 - E-post: [post@h-rt.no](mailto:post@h-rt.no)



**WESTLANDSKE LIMTRE  
INDUSTRI AS**

Spesialist på trekonstruksjoner  
Limtre – beslag – takstoler - takverk

[post@vlimtre.no](mailto:post@vlimtre.no)

[www.vlimtre.no](http://www.vlimtre.no)



1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år



**MALERMESTER  
ALF HJELLE & SØNN AS**



Utfører alt i maler- og golvbeleggbarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE  
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00

Laurdag kl. 10.00 – 16.00

**Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880**

E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60

E-post: [post@lhjertnes.no](mailto:post@lhjertnes.no)

[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)

**FUSA AUTO A/S  
BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa

Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00

[www.meca.no](http://www.meca.no)



**P. H. Haugen  
Landhandel - Sævareid**  
**tlf. 56583110**

e-post:  
[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa  
Ferdigbetong as**  
5640 Eikelandosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)



# Gudstenester i Fusa sokn

09.06.2019 - 29.09.2019

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>Juni</b>				
09.06	11.00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Pinsedag
10.06	12.00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2.pinsedag
16.06	11.00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Treeiningssøndag
23.06	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2.søndag i treeiningstida
23.06	16.30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	2.søndag i treeiningstida
30.06	11.00	Sævareid kapell	Gudsteneste	3.søndag i treeiningstida
<b>Juli</b>				
07.07	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	4.søndag i treeiningstida
14.07	11.00	Hålandsalen kyrkje	Gudsteneste	5.søndag i treeiningstida
21.07	11.00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Aposteldagen
28.07	16.30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	7.søndag i treeiningstida
29.07	18.00	Holdhus gamle kyrkje	Gudsteneste	Olsok
<b>August</b>				
04.08	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	8.søndag i treeiningstida
11.08	16.30	Sævareid kapell	Gudsteneste	9.søndag i treeiningstida
18.08	11.00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	10.søndag i treeiningstida
25.08	11.00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	11.søndag i treeiningstida
25.08	16.30	Hålandsalen kyrkje	Gudsteneste	11.søndag i treeiningstida
<b>September</b>				
01.09	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	12.søndag i treeiningstida
08.09	15.00	Eikelandsosen bedehus	Familiegudsteneste	13.søndag i treeiningstida
15.09	11.00	Fusa kyrkje	Familiegudsteneste	Vingardssøndagen
15.09	16.30	Sævareid kapell	Familiegudsteneste	Vingardssøndagen
22.09	11.00	Hålandsalen kyrkje	Familiegudsteneste	15.søndag i treeiningstida
29.09	11.00	Strandvik kyrkje	Familiegudsteneste	16.søndag i treeiningstida
29.09	19.00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	16.søndag i treeiningstida

## Frå KYRKJEBØKENE



### Dåp

#### Hålandsalen kyrkje

31.03.2019 Axel Ystås Andreassen

#### Sundvor kyrkje

03.03.2019 Millie Elene Solvang Håvik



### Gravferd

#### Strandvik kyrkje

01.03.2019 Lars Hogne Skaathun, f. 21.03.1941

05.04.2019 Alvild Skåtun, f. 01.03.1931

16.04.2019 Bjarne Sørheim, f. 04.01.1948  
15.05.2019 Agnar Skåtun, f. 11.04.1939

#### Hålandsalen kyrkje

03.04.2019 Dagfrid Eide, f. 04.07.1923  
09.05.2019 Åge Harald Eide, f. 20.12.1948

#### Sundvor kyrkje

04.04.2019 Hilda Marie Bårtveit, f. 22.09.1924

#### Fusa kyrkje

08.03.2019 Kjell Leon Ådland, f. 10.05.1941  
13.03.2019 Liv Ragnhild Aadland, f. 04.06.1945  
14.03.2019 Harald Koldal, f. 02.08.1939  
21.03.2019 Per Jostein Lundervik, f. 27.05.1939



# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen



# 9. sept.

## FØREBU DEG TIL KYRKJEVALET!

Fusa sokneråd håpar at på same måte som i 2015 stiller folket opp og avgir si røyst ved kyrkjevalet. Det er både soknerådsval og bispedømerådsval. Det er ønskjeleg at alle medlemmer som blir 15 år i år røyster ved begge vala, men du er også velkommen til å røyste berre ved det ene valet. Røystreglane er ikkje endra sidan sist. Det er høve til å kumulere inntil tre representantar, og det er ikkje høve til å stryke nokon. Det vil seie at om ein står som nummer 1 eller 17 - så står alle i utgangspunktet likt. Det er berre ved røystelikskap at plasseringa på lista får noko å seie. Så ved soknerådsvalet har du verkeleg høve til å få den eller dei DU ønskjer inn i rådet. Det kjem ut eit eige valnummer av kyrkjebladet i månadsskiftet august/september.

## VALLOKALE VED KYRKJEVALET I 2019

Det blir kyrkjeval i dei same bygningane og på den same tida som kommunevalet. Du som er medlem i Den norske kyrkja vil få tilsendt valkort der det står informasjon om kor du kan røyste, og når vallokala er opne.

## FØREHANDSRØYSTING

Her er reglane blitt strengare. Frå i år må det vere to til stades på kontoret til ei kvar tid når ein skal ta i mot førehandsrøyster. På små kontor er dette vanskeleg å få til, og det gjer at vi har redusert opningstida frå fem til to dagar i veka. Det er høve til å førehandsrøyste tysdagar og torsdagar kl. 10.00-14.00 i perioden 12. august til 6. september. Vi har tatt opp med Kyrkjerådet om vi kan ta i mot førehandsrøyster på andre tidspunkt om vi har bemanning til det, men har fått eit klart NEI! Dette er vi veldig lei oss for. Vi er redd for at mange blir avvist, og at også den samla interessa for kyrkjevalet vil bli mindre!

Men vi oppmodar alle som ikkje har høve til å røyste valdagen om å kome innom oss tysdagar og torsdagar i perioden 12. august til 6. september mellom 10 og 14 for å førehandsrøyste!

## VER MED OG RØYST VED SOKNERÅDSVALET OG BISPEDØMERÅDSVALET

Ved sist soknerådsval deltok om lag 30% av fusingane! Det er ei bra oppslutning, men vi håpar at endå fleire deltek i år.

## SOKNERÅDSVALET 2019

Soknerådsvalet vert gjennomført mandag 9. september 2019, same dag som kommune- og fylkestingsvalet. Det er kome inn ei liste til soknerådsvalet. Det skal velgjast 8 medlemmer og 5 varamedlemmer.

**Vallista for Fusa sokneråd er godkjent, og den ser slik ut:**

1. Roald Samnøy, 67 år, Skjørnsand
2. Olaug Elise Mjelde, 58 år, Fusa
3. Sigbjørn Sundfjord, 53 år, Sundfjord
4. Toril Hjartåker Hauge, 49 år, Nordtveitgrend
5. Lars Erik Dalland, 65 år, Baldersheim
6. Stina Samnøy Skare, 34 år, Vinnes
7. Roger Hoel, 53 år, Vinnes
8. Britt Mari Gjerde, 47 år, Eikelandsosen
9. Samson L Øpstad, 65 år, Fusa
10. Marte Hafstad-Johansen, 41 år, Sævareid
11. Toralv Huse, 69 år, Baldersheim
12. Bodil Samnøy, 53 år, Hålandsdalen
13. Øyvind Nordbø, 60 år, Baldersheim
14. Audny Samnøy Stuen, 54 år, Skjørnsand
15. Oddvar Storli, 67 år, Fusa
16. Laila Osebakken Eikeland, 80 år, Eikelandsosen
17. Jan Ole Høiby Hansen, 51 år, Fusa

Harald Geir Sæther  
Informasjonsansvarleg for soknerådsvalet